

Svar på spørsmål fra Moland - H - Forskotering gang- og sykkelveg, Stryn kommune.

Representant for Høgre, Gunnar Moland, har sendt skriftleg spørsmål til møtet i hovudutvalet 2. desember. Moland skriv:

Gjennom to brev fra Stryn Kommune (27.8. og 8.11.2019) er vi blitt kjent med en søknad om løyve til forskottering av gangveg langs FV 60 Loen - Solvik / Rake.
Et totalprosjekt på 1058 meter med kost på 32 mill. inkl. mva i søknaden er behovet for gangveg godt begrunnet gjennom sterkt økende trafikk. Det kommer også fram at Stryn kommune ønsker å forskottere prosjektet og ikke vil kreve tilbakebetaling før prosjekta er prioritert og fullfinansiert i Fylkesplanene.

Stryn kommune vil også dekke rentekostnadene fram til fylket er klar for prosjekta.

Kan Fylkesrådmannen redegjøre for søknaden til Stryn, og den videre saksbehandlingen av søknaden.

Svar fra påtroppande fylkesdirektør for infrastruktur- og veg:

Stryn kommune søkte i brev av 27.08.2019 til Sogn og Fjordane fylkeskommune om å få forskottere gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen – Solvik/Rake i kommunen. Prosjektet som kommunen ønsker å forskottere er om lag 1 km lang, og har eit kostnadsoverslag på 25,6 mill. kr ekskl. mva. og inkl. grunninnløysing. Kostnadsoverslaget inkl. mva. er 32 mill. kr. Det vart lagt fram sak i fylkesutvalet i Sogn og Fjordane (FU-sak 85/2019) i møte 2.10.2019.

Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

«Søknaden fra Stryn kommune om forskottering av gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen – Solvik/Rake vert ikkje imøtekomen. Prosjektet er ikkje prioritert i handlingsprogram for investeringar på fylkesvegnettet i perioden 2019-2022, og stettar såleis ikkje fylkestinget sine krav til forskottering ut frå vedtekne retningslinjer.

Fylkesutvalet har stor forståing for at Stryn ønsker å ha ein garanti gjennom forskottering av gang- og sykkelveg mellom Loen og Rake. Vi ser også at Stryn har lagt ned stor innsats i grunnlagsdokument i blant anna reguleringsplan.

Prosjektet er no på 2. plass på marginallista, og etter gjeldande regelverk er prosjektet med det ikkje i posisjon til å kunne oppnå forskottering.

Fylkesutvalet oppmodar Stryn kommune til å jobbe vidare med saka opp mot Vestland fylke sin neste rullering av RTP. Dersom Stryn kommune sjølv ynskjer å bygge ut gang og sykkelvegen, så kan det eventuelt skje gjennom ein utbyggingsavtale med fylkeskommunen.»

Stryn kommune har i brev datert 8.11.2019 fremma søknad om forskottering på nytt, og syner til at formannskapet i Stryn kommune gjorde slikt vedtak:

FO- 157/19 Vedtak:

«*Det vert sendt ny søknad om forskottering av gang/sykkelveg Loen-Solvik. Ein vil presisere at Stryn kommune kan vente med tilbakebetaling til dei prosjekta som ligg framføre i prioriteringslista er finansierte. Stryn kommune ber Vestland fylkeskommune om å handsame søknaden der ein tek omsyn til dei nye opplysingane som går fram av Stryn formannskap sitt vedtak(157/19).»*

Søknaden kom for seint til å bli handsama inn mot budsjett 2020. Administrasjonen vil koma med ei sak for politisk handsaming våren 2020.